



## Gratis fagsamling «Kommunikasjon for helsearbeidarar»

15. jan. 2021 | Webinar | Auditoriet, Førde sentralsjukehus

Arr: Lærings- og meistringssenteret i Helse Førde i samarbeid med Nettverk for læring og meistring i Helse Vest



**Tema: «Varm og effektiv – god kommunikasjon i ein travel kvardag»  
Ved barnelege Bård Fossli Jensen, Somsagt AS**

**Tid: 10.00 – 14.00**

**Påmelding:** [anne.ovrebo@helse-forde.no](mailto:anne.ovrebo@helse-forde.no) eller 57 83 98 70. Lenke til Webinar blir ettersendt.

Lærings- og meistringssenteret arrangerer ein fagdag for alle med direkte pasientkontakt i 1. og 2. linjetenesta. Her vil du få ein gjennom-gang av nyttige framgangsmåtar i møte med pasientar, brukarar og pårørande. Både vanlege og meir utfordrande menneskemøte. Eksempla er realistiske, og du får innsikt i kva du gjer bra og korleis du kan bli betre.

Det er når vi gir omsorgsfull og rett behandling at det er gjevande å vere helsearbeidar. Når du er både varm og effektiv kjem den gode kjensla av å vite at du er god i jobben din.

**Om Bård Fossli Jensen og verksemda:**

Lenke til [«Somsagt AS»](#)



*Bård Fossli Jensen er barnelege, med doktorgrad i medisinsk kommunikasjon. Han trenar helsepersonell med nokre års erfaring, og då i dei meir krevjande pasientmøta. Mellom anna har han utvikla Helse direktoratet sitt kurs for leiarar «Når skaden er skjedd». Han har òg utvikla metodar for å møte frykt og sinne i naudsituasjonar. Under starten av pandemien jobba han i Helse- og omsorgsdepartementet for å bidra i utvikling av kommunikasjonen til befolkninga. I sin praksis som barnelege i Oslo gir han hjelp til familiar der barn er plaga av skulevegring, utmatting, kroniske smerter, uforklarlege lammingar, langvarig fråvær på skulen og andre samansette symptom og plager.*

	<b>Program:</b>
10.00-11.30	<i>Varm og effektiv gjennom 4 gode vanar: Kva blir forventa av oss og kva er godt nok?</i>
11.30-12.00	Lunsj
12.00-13.00	<i>Tapt tillit: Korleis møte sinne, frustrasjon og urimelege krav. Når ressursane ikkje strekk til.</i>
13.15-13.45	<i>«First put on your own mask» - eigenomsorg i krevjande yrke.</i>
13.45-14.00	Oppsummering og avslutning